

SLIK SØKER DU GRENSEBUARBEVISA I AURE

IKAMR, FylkesFOTOarkivet i MR 28. april 2017

Gå til <https://foto.fylkesarkivet.no>

eller berre «google» heimesida vår «fylkesfotoarkivet» og vel søk bilete.

Skriv «Aure» i kommunefeltet



Skriv du «Grensebuar» i motivfeltet får du treff på 2419 bilete.

(Skriv du i staden FAKf-1264 får du 2453 treff, dei som budde i Halså er med)

Skriv du «Aukan» i feltet *Etternamn*, får du 20 treff

Skriv du «Aukan» i feltet *Etternamn*, og «Fiskar» i feltet *Omtale* får du 6 treff

Skriv du «Aukan» i feltet *Etternamn*, «Fiskar» i feltet *Omtale*, og «Grisvågøy» får du også 6 treff

Prøv å søke på «snekkar», «lærer», «husmor», «butikk», «arbeidar» etc. i feltet *Omtale*

Du kan sile og søke. Du får treff på alt som er registrert, og på kombinasjonar av søk om alle kriteria er oppfylde. (Diverre kan du ikkje gå vidare frå eit søk og søke vidare frå dette treffet.)

SØK PÅ NAMN

Skriv du «Aukan» i feltet *Etternamn* får du 26 treff på bilete der ein eller fleire heiter Aukan, anten det er grensebuarbevis frå Aure eller eit bilete med konfirmantar i 1922. Skriv du ein «P» i feltet *Fornamn* får du 2 treff på Aukan.

Skriv du «Ormset» i feltet *Fotograf* og «Grensebuar» i motivfeltet får du 671 treff på bileta vi er temmeleg sikker på at fotograf Hans Ormset har teke.

Skriv du berre «Ormset» i fotograffeltet får du 5090 treff! Mellom desse er Ormset-arkivet med 4357 bilete. Ormset-arkivet har lokalt nr FAKf-0012, medan lokalt nr til Grensebuar-arkivet er FAKf-1264

SØK I ORMSETARKIVET

Fotoarkivet etter Hans Ormset (1887-1971) inneheld over 4500 glasplater i ulike storleikar. Bileta speglar liv og hendingar i Aure, bryllaup og portrett, og omlag 700 passbilete nytta til "grensebuarbevis". Ormsetarkivet har arkivnr. 12 i FylkesFOTOarkivet: FAKf-0012.

FylkesFOTOarkivet starta arbeidet med Ormsetarkivet i 1997. Alle bilda var ferdig digitaliserte i 2000. I 2015 var tida inne til å revitalisere arkivet og oppgradere den digitale kvaliteten. Ormsetbilda kom på nett i des. 2016. Registrering skal gå føre seg lokalt i Aure.

Har du kunnskap om bilete og personane kan du sende «brukarkommentarar» direkte i epost til ragnar.albertsen@ikamr.no

UTSTILLINGA

Utstillingsbilda er frå fotograf Hans Ormset sitt arkiv i Aure kommune på Nordmøre. Vi har retusjert og kopiert 100% av netaivet, - glasplaten. Ormset komponerte, fotograferte og kontaktkopierte platen tilpassa «grensepasset».



Barnebarnet til fotografen og eigar av arkivet, Einar Ormset, har skrivt litt om bestefaren:

Fotograf Hans Ormset blei fødd 3. juli 1887 og døydde 4. januar 1971. Allereie som gutunge synt han stor interesse for fotografering. Han utfalda sine interesser på mørkeloftet på Ormset i Aure. Seinare gjekk han i lære i Trondheim før han starta opp som fotograf i Aure.

Det eldste bildet ein til no veit sikkert han har teke er frå eit 1. maitog i Aure i 1911. Som fotograf reiste han mykje rundt i Valsøyfjord, Halså, Tustna og Hemne.

Hans Ormset gifte seg i 1913. I 10 år budde han i Trevika før han flytte til Aure sentrum i «Lunheim». Der bygde han også fotoatelieret. Ved sida av å ha nokre høner var foto hovudnæringa.

*Hans Ormset var deleigar i ein revefarm på Aure
Både sølvrev og blårev vart avla fram.*

Etter krigen dreiv Hans Ormset berre med fotografering.

Under krigen hadde Hans Ormset fleire hundre oppdrag som leverandør av bilde til dei obligatoriske passa alle nordmenn over 15 år måtte ha.. Men passfotograferinga helt fram også etter krigen. Han var ein dyktig retusjør, ein særst viktig del av det gamle handverket.

*Kona, Karin, hjelpte til med mørkeromsarbeidet og retusjering og etterarbeid gjekk føre seg på kjøkenet. Då måtte ungane vere heilt stille.
Det kunne nok by på problem.*

Hans Ormset var ein lettliva person. Han kunne vere snarsint, men hadde stor omsorg for dei rundt seg.

Han var friluftsmann og arrangerte turar for familien. Hans Ormset pensjonerte seg som 70-åring og vart nesten 84 år gamal før han døydde 4. januar 1971.